


NR. 6

OKTOBER 1988

21. ÅRG.

KRANSELAG FOR KYRKJELYDSHUSET



Laurdag 1. oktober var det kranselag for kyrkjelydshuset. Reisverket var kome opp, og vel 20 dugnadsarbeidarar var i full sving med å spikra på taket. Rømmegraut vart servert i matpausen. Meir om huset på side 13.

AV INNHALDET

Kyrkjemusikk	s. 3	Kyrkjetenar
Fellesmøta i Arna	s. 5	vert pensjonist
Misjonsforening		50-års konfirmantar
på aldershjem	s. 6	Kyrkjelydshuset i Arna
Nytt frå Kyrkjelydane	s. 8	Stor julemesse
		s. 11
		s. 12
		s. 13
		s. 13

POSTGIROBLANKETT TIL ALLE I YTRE ARNA:
INNSAMLING TIL REPARASJON AV KYRKJELYDSHUSET *Sjå s. 9*

Vekkelse

En hører sjeldnere nå enn før om større vekkelsesbevegelser. Spørsmål er reist: Er vekkelsestider forbi nå? Dersom en med vekkelse bare mener tider da store skarer søker til kirker og bedehus for å høre Guds ord, da kan en fristes til å svare ja. Men en må ikke ha et for snevert syn på hva vekkelse er. Som vi senere skal se er der nok meget av vekkelse i det stille til alle tider.

Slår en opp i en Bibelordbok vil en ikke finne ordet «vekkelse». Det kom i bruk i pietismens tid på 1700-tallet, antakelig ut fra Efeserbrevet 5.14. «Våkn opp du som sover, stå opp fra de døde og Kristus skal lyse for deg». Her sies at mennesket må vekkes til bevisst kristenliv.

Bibelen bruker et annet uttrykk for det vi til vanlig kaller «vekkelse», nemlig Guds kall. Ordbildet er: et menneske ferdes på en farlig vei, som vil føre til forderv. En som vil redde det, roper stans, snu om. Slik ser Gud på sine menneskebarn, kaller på dem og blir aldri trett. Dersom da et menneske stanser opp og lytter til dette Guds kall, er det vekkelse, som i sin tid modnes til omvendelse og tro.

I Augustana, et av vår kirkes bekjennelsesskrifter, heter det: «Gud virker troen hvor og når han vil, når evangeliet forkynnes rent og sakramentene forvaltes rett». Dette gir oss et større perspektiv over hva vekkelse egentlig er. Den er et resultat av at Gud handler med oss og virker i oss gjennom sitt ord. Det er det skapende og bærende i alt kristenliv fra først til sist. Derfor må ordet forkynnes, det må høres, leses, læres, tillegnes og etterleves.

Men det er ikke bare ved sitt ord Gud kaller på oss. Livet sier og lærer oss at han møter oss med sitt kall på andre måter og. I H.U. Sverdrups Forklaring, som var i bruk før, het det: «Hvorledes kaller Gud på menneskene?» Svar: «Snart ved lidelse, snart ved velgjerninger, snart ved andres eksempel og sådant mere som kan bringe mennesker til ettertanke». Her er sagt noe viktig, som vi bør gi aksjon på og besinne oss på under livets opplevelser og hendelser.

Så mange har enkeltvis gjennom forskjellige slags motgang, sykdom, et brått dødsfall blant de nærmeste kjent Guds kall og dragelse og har opplevet et åndelig gjennombrudd. Derimot er det ikke alltid like lett for mange å se et Guds kall i fremgang og lykke i livet. En overser eller glemmer det apostelen minner oss om i Romerbrevet 2.4: «Skjønner du ikke at Guds godhet driver deg til omvending?» Altså skal en ikke være innbilsk når alt lykkes for en og tenke: «Jeg er så dyktig, derfor lykkes alt så godt for meg», men de gode dager skulle også være et kall fra Gud til oss om ikke å glemme hans velgjerninger. Også en stø, kristen livsholdning kan som eksempel bety meget i et miljø, særlig for unge, og kan være et Guds kall til etterfølging. Gud kaller på den enkelte til alle tider og på mange måter.

I sin salme om den første pinsedags under synger Grundtvig: «Den gnist den lever hos oss ennu, oppblusser og i Guds time». Det sanner seg idag som mange ganger før. Plutselig blir det et sterkt «drag» i folket, de samles og fyller kirker og bedehus for å høre Guds ord og få åndelig veiledning og hjelp. Det blir vekkelsestider og man ge finner frem til et kristent standpunkt.

Enten de kommer mange som i vekkelsestider eller enkeltvis nå og da, er hovedsaken at de kommer og sier ja til Guds kall.



Knut Sellevold

Programforandring

Konserten med kyrkjemusikalen «Det gode landet», som skulle ha vært fremført i Arna kyrkje 29. og Årstad kyrkje 30. oktober er avlyst.

I staden vert det lagt opp til ein konsert med Gunstein Draugedalen, Prosjektkoret, dir. Asbjørn Flåm, Atle Halstensen synteizer/orgel og Per Brochmann, fløyter.

Programmet vil by på variert musikk, men med vekt på norske folketonar i ulike arrangement. Det vil også bli framført utdrag frå kyrkjemusikalen «Det gode landet».

Konserten vil bli framført som tidlegare annonser i Arna kyrkje lørdag 29. kl. 18.00 og i Årstad kyrkje søndag 30. kl. 18.00.

Vel møtt.

Pilgrimsmesse

YTRE ARNA KYRKJE lørdag 5. november kl. 18.00.

ARNA KYRKJE søndag 6. november kl. 19.30.

Arna Kyrkjekor
Haus Kyrkjekor
Ytre Arna Kyrkjekor
Messingblåsarar
Liturg Øyvind Ø
Dir. Asbjørn Flåm
Kollekt.

Ny dato for julekonsert i Ytre Arna

Julekonserten i Ytre Arna vert 4. desember kl. 19.00. Arne Musikforening, Ytre Arna Kyrkjekor og Ytre Arna Barne- og Ungdomskor vert med.

Ytre Arna-buarar!

Det vert Julemesse i Ytre Arna Bedehus laurdag 19. november kl. 11.00. Salg av håndarbeid (høveleg til julepresang), åresalg, trekning av hovedutlodning, andakt m.m.

Og sjølvsagt salg av gode heimebakte kaker og kaffi.

Sett av denne dagen allerede no og ver velkommen til hyggelige formiddagstimar på Bedehuset.

Inntekta går til Bedehuset.

KONSERT

Arna kyrkje
lørdag 29. oktober kl. 18.00

Årstad kyrkje
søndag 30. oktober kl. 18.00

Gunstein Draugedalen
Prosjektkoret, dir. Asbjørn Flåm
Atle Halstensen, synteizer/orgel
Per Brochmann, fløyter

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.
Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jebsensv. 39: Tlf. 24 85 46.

Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00.

Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

«Bibelen åpen for alle» gir resultater

– For to år siden utførte Opinion a.s. på oppdrag fra Aftenposten en undersøkelse om det norske folks bibellesning. Da kom det fram at hele 63% aldri leste i Bibelen, eller ikke husket sist de åpnet den. I januar i år gjennomførte samme byrå en liknende undersøkelse, for samme oppdragsgiver. Nå svarte bare 23,5% at de aldri leser, eller ikke husket sist de leste i bibelen.

Bibelmisjonsleder Stein Mydske i Bibelselskapet påpeker at tallene ikke er helt sammenlignbare, men mener de to undersøkelsene demonstrerer en tendens:

– Det nyter å markedsføre Bibelen. Aksjonen «Bibelen åpen for alle» har slått til. Jeg er ikke i tvil om at den brede og målrettede satsingen gjennom «Bibelen åpen for alle» har redusert antall «bibelfremmende». Aksjonen har bidratt til at det har blitt enklere for folk å vedstå seg sin bibellesning, sier Stein Mydske. Men han understreker at opploftende tall ikke gir grunn til å lene seg tilbake:

– Det lar seg ikke gjøre å fortsette med landsomfattende kampanjer i årevise, men vi er nødt til å følge opp den økende interessen vi nå registrerer for Bibelen. Når Bibelaksjonen formelt avsluttes i september samles alle samarbeidspartnerne bak aksjonen for å drøfte hvordan den kan videreføres. Det er skapt mye positiv stemning rundt bibelen her i landet de siste halvannet årene, og det betyr mye, ikke minst for bibelselskapet. Men bibelaksjonen er bare veldig godt dersom den leder til mer bruk av Bibelen, sier Stein Mydske.

(Frå Kirkeaktuelt 3/88)

Temahelg i Arna Bedehus 5.-6. november

Ungdomsnemnda i Arna Indremisjon inviterer til temahelg 5.-6. november. bibelskulelærar Rolf Kjøde taler over emnet: «En evangeliserende forsamlings». Han vil her ta opp aktuelle ting rundt evangelisering/bymisjon. For at hele familien kan være med blir det barneparkering i barnehagen under foredragene.

Program:

Lørdag:

14.00-16.15: Foredrag.

16.20-17.00: Kaffepause.

17.00-18.30: Gruppeoppgave/Plenumsamtale.

18.30: Kvelds.

Lørdag:

11.00: Gudsteneste i Arna kyrkje.

16.00-17.30: Foredrag.

17.30-18.00: Kaffepause.

18.00: Lovsangskveld.

VELKOMMEN!

På fest hjå asylsøkjarane

Dei chilenske asylsøkjarane i Ytre Arna inviterte Ytre Arna kyrkjelyd til å vera saman med dei på nasjonaldagen deira: 18. september. Invitasjonen hadde sin bakgrunn i samlinga soknerådet inviterte asylsøkjarane til i Kyrkjelydshuset før sommarferien. Denne gongen stelte dei til ein svært fin fest med chilensk folkemusikk og nasjonale matrettar. Dei rundt 30 norske som var med, opplevde det fint å vera saman med dei, og språkvanskane var løyst ved at innvandarkontoret stilte med spansktalande tolk.

Ein del av asylsøkjarane var med på konsernen i Ytre Arna kyrkje 25.9. og høyрde norske folketonar der. Kontakten vil halda fram vidare, og representantar for asylsøkjarane og soknerådet vil drøfta opplegg for fleire samlinger.



Stor deltaking på fellesmøta

Arna kyrkje var fullsett og meir enn det ved alle fellesmøta som Misjonsforbundet, pinsemenigheten, Fri evangeliske og Arna sokneråd gjekk saman om i september.

Nokre av kveldane var kyrkja så overfylt at det var overføring av møtet med høgtalar i Kyrkjestova.

Møteaksjonen var og utvida ut over den tida som vart fastsett, slik at det i alt vart 14 møte med avslutning søndag 25. september.

Ved avslutninga av kvart møte vart det gjeve høve til å koma fram til altarringen for samtale eller forbøn, og mange kom fram. Gjennom aksjonen var det fleire som kom til tru på Jesus og mange som opplevde fornying i truslivet ...

Komitén som var ansvarleg for møta opplevde det fint å samarbeida slik, og det var mange som gav uttrykk for glede og takksemd for fellesmøta.

Kvar kveld vart det teke opp offer til dekning av utgifter. Det som kom inn ut over det, skulle gå til bibelmisjon: å spreida bibelen til dei som ikkje har pengar til å kjøpa den sjølv. I offer kom det i alt inn kr. 123.168,-. Det største offeret var kr. 22.655,- på avslutningsmøtet.

Luther om bøn

Ein kristen må vakta seg så han ikkje ventar med bøna til han meiner at han er heilt rein og godt førebudd. Djævelen har svært ofte plaga meg med slike tankar og hindra meg slik at eg har tenkt: Du er enno ikkje førebudd, du må først gjera det eller det, så kan du etterpå be så mykje rolegare. Den som fylgjer slike tankar og let seg hindra eller hefta når det gjeld bøna, med han vil det heilt sikkert gå som med bondekona som ville gjera alt mogeleg før ho byrja å ynskja og difor aldri kom seg til å ynskja noko som helst.

Ein kan og skal be over alt, på alle stader og til kvar tid. Men bøna er aldri så kraftig og sterkt som når heile kyrkjelyden i semja ber saman med kvarandre.

Det vesen og den natur bøna har, er ikkje anna enn å lyfta sinnet eller hjarta til Gud.

Ein skal be kort, men ofte og sterkt.

(Luther-sitata er attigjevne frå «Hva sier Luther» av Kurt Aland, Lunde 1974.)

Bots- og bededag 30. oktober

Etter reformasjonen var det vanleg at det vart halde særskilte bots- og bededagar i kyrkjene når ulukker og naud råka folket. Store ulukker var straff over synda og ei påminning til menneska om å gjera bot og venda om.

I 1686 var det ein fæl brann i København. Etter denne hendinga kom det kongeleg påbod om ein fast, årleg bots- og bededag. Denne fall lenge på fjerde fredag etter påske, i 1916 vart han flytta til fredag før første søndag i november. Både fredag og onsdag har lange tradisjonar som gudstenestedagar. I 1950 vart det så vedteke at bots- og bededag skulle vera siste søndagen i oktober.

Innhaldet i gudstenesta på bots- og bededagen skal særleg vera ei påminning til Guds folk om å leva i dagleg omvending. Dagen er prega av alvor og erkjenning. Dette vert også understreka ved ritualet i kyrkja, ved at kyrkja ikkje er pynta og ved at det vanlegvis ikkje er nattverd eller dåp ved gudstenestene. Den liturgiske fargen er fiolett, botsfargen, som også vert nytta i faste- og adventstida.

Baha på Helseheimen



Foreningsmøte på Arna Helseheim.

I Arna er det mange lag og foreningar å vera med i. Men ettersom ein vert eldre, kan det vera vanskeleg å halda fram. Ein ser at so snart nokon har flytta inn i aldersheimen, er det heilt slutt med slikt. Dette har nok vore eit savn for mange.

For å bøte litt på dette, har styraren, s. Ingrid, fått i gang ei misjonsforening. Denne driv ho saman med tidlegare styrar, s. Ragnhild. Dei som ynskjer det, kan vera med. Foreininga vert ikkje kalla kvinneforeninga avdi ein unner mennene og å få vera med. Men dei vågar det visst ikkje, eller kanskje lysten manglar.

Ettersom det er ei santalmisjonsforening, fann ein det rimeleg å gje den namn frå eit av stammespråka i India, nemleg santali. Kvifor då ikkje kalla den Baha som tyder blomsten?

Det er foreningsdag ein gong i månaden. Første post på programmet er sjølvsagt kaffi. Seinare ei lita andakt – noko misjonsstoff, og nokre gonger har det kome besök utanfrå. Det høyrer og med at ein får prata saman. I det heile er det heilt uformelt. Hendene får kvila. Ei misjonsbørsे står og framme, men det vert ikkje sagt stort om den slik at det kan vera heilt frivillig og ingen skal føla noko press.

Dei som er bra nok til det, er flittige til å møta. Mange har gjeve uttrykk for at dei er glade for Baha.



Samtalekveldar i Ytre Arna

Kyrkjelydsskulen innbyr også denne hausten til samtalekveldar i Kyrkjelydshuset i Ytre Arna. Vi samtalar om tema ut frå Bibelen og alle er velkomne til å vera med. Samlingane tek til kl. 19.30. Ta med matpakke. Kaffi og te vert servert.

Samlingane vert desse dagane:
Onsdag 12. oktober
Torsdag 27. oktober
Torsdag 11. november
Alle er velkomne.

Glimt frå Etiopia

Vekking

Vekkinga held fram i Etiopia. Evangeliet går som ein skogbrann som spreier seg utan kontroll, seier Emmanuel Silasse til misjonsbladet Utsyn. Han er viseforman i Mekane Yesus-kyrkja som Misjons-sambandet, Misjonsselskapet og Frikyrkja samarbeider med.

Biblar

Kristne i Den koptiske kyrkja i Egypt har motteke 45.000 biblar på arabisk, finansierte av Det internasjonale bibelselskap og World Home Bible League, melder bladet Decision. Biblane er blitt delte ut saman med studiemateriell. Fleire ti-tusen menneske har teke del i oppleget. Eit oversyn viser at ikring 7 tusen menneske har kome til tru på Jesus og blitt medlemer i ei lokal kyrkje.

Søster Annie vel song

– Eg har tusen songar eg er glad i, men toppen må vera «Navnet Jesus blekner aldri». Eg har opplevd det som står der: «Ved det navnet fant jeg frelse, intet annet frelse kan», fortel Annie Skau Berntsen. – Det er så fint å få vera med og lova Jesu namn, der er eit amen som jublar i hjarta mitt når eg syng denne songen. Og om nokon spør meg om kva songar eg ynskjer skal bli sunge i eit møte, så er «Navnet Jesus» alltid med.

Søster Annie fortel at «Navnet Jesus» også fanst på kinesisk då ho arbeidde som misjonær i Kina. Men det var vanskeleg for fjellkinesarane å læra dei framande tonane.

– Då eg var i Kina var eg mest glad i dei kinesiske songane. Kinesarane var flinke til å laga songar. Ofte tok dei tekstane rett frå Bibelen og song dei til sine eigne folkemelodiar. Under fåre og krig vart teksten gjerne henta frå første Tessalonikarbrev, kap. 4, vers 13-18, eit avsnitt som sluttar med: «Trøysta kvarandre med desse orda!» Kinesarane elskar også Salme 23, «Herren er min hyrding». Då Biblane seinare vart tekne frå dei og brende, var det ein styrke for dei kinesiske kristne at dei hadde desse Bibelske songane. Songane hjelpte dei til å læra og hugsa Guds Ord utanåt.

Teksten til «Navnet Jesus blekner aldri» er skriven av David Welander i 1923. Sommaren før var han blitt sterkt gripen av ein zulumelodi han høyrd på eit misjonsmøte under Frelsesarmeens årskongress i Oslo. Melodien (som også er kjend frå Madagaskar) vart flittig sungen med fleire ulike tekstar, men Welander tykte tonen skulle ha sin eigen tekst. Inspirasjonen fekk han frå Salme 72, vers 17: «Hans navn skal bli til evig tid; så lenge solen skinner skal hans navn skyte friske skudd, og de skal velsigne seg ved ham; alle hedninger skal prise ham salig». (Eldre bokmåls-omsetjing). Songen er omsett til fleire språk, også asiatiske og afrikanske, og vert ofte sungen over heile verda.

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døypte

Arna sokn:

- 21.08: Elin Kvammen, Susanne Hammerstrand, Hanne Kallekleiv Velure, Charlotte Skorpen, Haakon Alexander Iversen Moss, Per Gunnar Solheim.
21.08: Lene Thunes, døypt i Takvam kapell.
04.09: Marius Kippersund Gustavsen, Christian Steine Lindvik, Thomas André Halleraker, Håvard Holmefjord, Camilla Borge.
11.09: Preben Vik, Frode Rolland, Jarl Eivind Andersen.
25.09: Lars-Christian Ryland, Trond Loftås, Tommy Larsen, Christina Synøve Kversøy.
02.10: Serine Akselberg, Hilde Holtan, Thomas Pedersen Holtan, Mats Sangolt.

Ytre Arna sokn:

- 21.08: Ruben Tresvik Låstad.
04.09: Tina Louise Rønhovde.
04.09: Alexander Loven Bakke, døypt i Aurland.
02.10: Jonas Lerøen Rønhovde.



Vigde

Arna sokn:

- 03.09: Eirik Horvei og Marianne Haglund.
03.09: Magne Pedersen og Marit Marie Godø.
03.09: Rune Waage og Reidun Emilie Bertelsen, vigde i Birkeland kirke.
17.09: Johnny Grindheim og Kjersti Haukeland.

Ytre Arna sokn:

- 20.08: Svein Almelid og Kjersti Haga, vigde i Åsane kyrkje.

† Døde

Arna sokn:

- 14.08: Hans Kristian Eilertsen f. 1910.
18.08: Håkon Lie f. 1912.
08.09: Ingrid Helene Hovland f. 1910.
17.09: Reidar Minde f. 1957.
19.09: Anna Songstad f. 1893.
22.09: Jens Høsøien f. 1917.
23.09: Olav Grimstad f. 1915.
24.09: Anna Ytrearne, f. 1901.

Ytre Arna sokn:

- 16.08: Johannes Simonsen f. 1918.
12.09: Nils Sigwart Sjursen f. 1920.

Ofringane i kyrkjelydane

Arna sokn:

21.08: Bjørgvin Bispedømmeråd	kr. 2.304,-
28.08: Kirkens SOS	kr. 1.189,-
04.09: Kyrkjelydsarbeidet	kr. 2.032,-
11.09: Kyrkjelydsarbeidet	kr. 1.812,-
17.09: Santalmisjonen	kr. 3.312,-
25.09: Søndagsskoleforbundet	kr. 2.572,-

Ytre Arna sokn:

21.08: Døves menighet i Bergen	kr. 1.076,-
04.09: Kyrkjelydsbladet	kr. 1.292,-
11.09: Hvite Bånd	kr. 536,-
25.09: Søndagsskuleforbundet	kr. 1.164,-

Dåpssøndagar

Det vert høve til dåp i kyrkje
ne desse søndagane:

Arna:

13.11. - 27.11. - 11.12. og 25.12.

Ytre Arna:

23.10. - 27.11. - 11.12. og 25.12.

(I Ytre Arna kan ein og ha dåp dei
søndagane det er nattverd: 6.11. - 13.11. og
4.12.)

Presten
har
ordet

Øyvind Øy



Tanker etter møteaksjonen

Vi har hatt ei serie møte i Arna kyrkje som varte i tre veker og det var stor tilslutning til møta. Kyrkja var til tider sprengfull. Dei ulike kristne forsamlingsane i Arna stod saman bak desse møta og det er første gongen vi har hatt eit så omfattande felles opplegg i Arna.

Vi kan gjøre oss mange tankar etter ein slik møteaksjon. Ein del reagerer negativt på denne møteformen og finn seg ikkje til rette på slike møte som så sterkt siktar på omvending til Kristus. Men det er også mange som har hatt stort utbytte av møta. I denne samanheng vil eg nemne følgjande:

1. Vi har merka eit klart ynskje hjå mange til å samlast om Guds ord og det er opning for sterk og klar tale om vegen til frelse. Mange er opne for ei forkynning som er utfordrande og personleg engasjerande.

2. Mange har bruk for fornying i sitt kristne liv. Det er store gleder å hente i eit ope og nært forhold til Jesus og mange vil oppleve meir av denne gleda.

3. Det viser seg og at mange har spørsmål som dei går og strevar med og som dei har bruk for å snakke med nokon om. Det dreiar seg ofte om kvardagslege spørsmål om trua, som det er godt å få dele med nokon.

Dette strekar under kor viktig det kristne fellesskapet er for kristne og vi skulle ha ei mykke meir open haldning til spørsmål som vi er optekne med når det gjeld kristenlivet.

Dette er lærdomar som vi må kunne ta med oss tilbake til våre forsamlingsar og som bør vere retningsgjevande for arbeidet vårt framover. Vi har eit ansvar for dei som spesielt ba om forbøn under møta, men og for kvarandre, alle vi som vil høre til i ein kristen forsaming.

FÅ FLEIRE TIL SUNDAGSSKULEN!

Norsk Søndagsskoleforbund er den største barneorganisasjonen innan Den norske Kyrkja. Neste år kan forbundet høgtida hundreårsjubileum. Søndagsskulen treng både fleire lærarar og fleire elevar, og foreldre vert oppmoda til å senda borna sine til søndagsskulen. Dersom det kunne koma 2-3 fleire born til kvar av dei 3.000 søndagsskulane her i landet, ville det seia at over 6.000 fleire unge menneske fekk læra meir om kristen tru og kristent liv.

Det er også eit viktig mål for Søndags-skoleforbundet å få i gang att søndagsskulular som er nedlagde og å få starta fleire nye søndagsskulular.

Innsamling til reparasjon av Kyrkjelydshuset i Ytre Arna

Soknerådet har drøfta ulike ting som må gjerast med huset. I første omgang må taket tettast fordi det er lekkasje fleire stader. Andre ting vil måttा ordnast etter kvart. Dei midlane som kjem inn til huset, er berre nok til dei faste utgiftene. Difor legg vi ein postgiroblankett ved dette bladet som dei som vil gje ei gåve til reparasjon av huset, kan nyta. Sjølv om det på blanketten står «Gåve til kyrkjelydsarbeidet» vil midlane gå til reparasjon av huset. Skulle blanketten vera komen bort, er adressa: Ytre Arna sokneråd, Postboks 111, 5265 Ytre Arna. Postgiro: 5935499.

Ny altarduk

Ytre Arna kyrkje har fått ny altarduk. Frå før hadde kyrkja 2 som var brukt lenge og nokså slitne og stygge å sjå til.

Turid Straume tok på seg arbeidet med å sy den nye duken, og den vart teken i bruk 5. september. Mönsteret var ein kopi av det som var på den eine av dei gamle dukane. Frå før har ho som kjent sydd 6 prekestolstappe og ein messekakel til kyrkja.

MØTER

ARNA BEDEHUS

- 25.10: Utloddning for ungdomsnemnda
- 27.10: Nattverdmøte kl. 19.00
- 29.10: Framneskveld
- 03.11: Torsdagsmøte kl. 19.30
- 05-
- 06.11: Temahelg: Bymisjon/
Evangelisering
- 10.11: Eldretreff kl. 17.00
- 11.11: Fredagssamling kl. 17.30
- 13.11: Lovsangkveld kl. 19.00
- 17.11: Medlemsmøte kl. 19.30
- 20.11: Vennebesøk fra Laksevåg
- 24.11: Nattverdmøte
- 25.11: Fredagssamling kl. 17.30
- 27.11: Møte v/Barnerøster
- 01.12: Torsdagsmøte
- 04.12: Søndagsmøte kl. 19.00
- 08.12: Eldretreff kl. 17.00

BETANIA, LONE

- 22.10: Lørdagssamling kl. 16.00
- 27.10: Jubileumsfest NLA. Hans Bovim.
- 30.10: Møte v/Indremisjonen
- 01-
- 06.11: Møteveke v/NLM. Øyvind Samnøy
og Oddvar Torget.
- 10.11: Basar v/NMS
- 13.11: Møte v/BUF
- 20.11: Innsamlingsdag for Betania
- 22-
- 27.11: Y-ungdoms-veke
- 01.12: Møte v/NLM
- 03.12: Laurdagssamling kl. 16.00

YTRE ARNA BEDEHUS

- 23.10: Nattverdmøte
- 30.10: Fellesmøte
- 06.11: Møte
- 10.11: Møte
- 19.11: Julemesse kl. 11
- 22-
- 27.11: Møteveke v/NLM. Talar misjonær
Kjell Strømme
- 04.12: Møte
- 08.12: Møte

HAUGLAND BEDEHUS

- 23.10: Søndagsskulefest kl. 16.30
- 30.10: Møte for NLA

Takvam kapell

Helgemessesøndag 6. november vert det som vanleg gudsteneste i Takvam kapell kl. 16.00 og fest i Tunes bedehus etterpå.
Program: Sjå oppslag og «Bygdanytt».

Det vert familiegudsteneste i Takvam kapell 2. søndag i advent, 4. desember kl. 16.30 v/døveprest Asgeir Straume. Offer til Døves menighet.

RETTING

På lista over sundagsskulane i Arna, stod Liatun søndagsskule, Stølsveien 98 oppført med to klassar og to klokkeslett. Dette er feil. Det rette er at alle aldersgrupper byrjar kl. 10.30.

4 vil bli kyrkjetenar


Kyrkjetenarstillinga i Arna har vore utlyst med søkeradsløft 1. oktober. Det meldte seg fire søkerarar, og Arna sokneråd vil om ikkje så lenge tilsetja ein person i stillinga.

KYRKJESKYSS

Kyrkjekyslassen frå Haukeland/Espeland fungerar slik:

- 23. oktober: Svein Mjelde, tlf. 24 28 71.
- 30. oktober: Ingrid Hope, tlf. 24 08 08.
- 6. november:
Harald Røsland, tlf. 24 08 70.
- 13. november:
Magne Mestad, tlf. 24 00 14.
- 20. november:
Sverre Myklebust, tlf. 24 29 05.
- 27. november: Svein Mjelde, tlf. 24 28 71.
- 4. desember: Ingrid Hope, tlf. 24 08 08.
- 11. desember:
Harald Røsland, tlf. 24 08 70.

Kyrkjetenaren vert pensjonist



I samband med at kyrkjetenar Monrad J. Ulveseter sluttar i slutten av oktober, har Kyrkjelydsbladet hatt ein prat med han om arbeidsdagen hans.

Han fortel at han vaks opp i Sandviken i Bergen. Som 16-åring kom han til bevisst liv i Gud på Nordhordland Folkehøgskule på Frekhaug. Han tok yrkesutdanning som smed og mekanikar (1940-44) og var elles aktiv med i Indremisjonen.

I slutten av krigen kom misjonskallet. Han gjekk først 2 år på D.V.I. sin Bibelskule i C. Sundts gt. i Bergen, og gjekk så 2 år på Misjonsskule i Glasgow (Skottland). Før han reiste ut på misjonsmarka, i byrjinga av 1952, reiste han ei tid i heimearbeidet til Den Norske Tibetmisjon. Han var ute på grensa av Tibet i ca. 6 år i grenselandet mellom Nepal og Bhutan.

Det var meinings å reisa ut igjen året etter at han kom heim. På denne tida stifta han familie. Men p.g.a. det store opprøret i Tibet, blei vegn ut att stengd. Han reiste så i 8 år i heimearbeidet i Tibetmisjonen, til han måtte slutta av helsemessige grunnar.

Monrad Ulveseter kom med familien til Arna i 1966. Men helsa var då så dårleg, at han laut ta det heilt med ro.

Då stillinga som kyrkjetenar i Arna vart ledig i 1971, byrja han i den, etter Ingvald og Gudrun Bjørsvik. Sidan har han trufast hatt sin plass der. Han har smilande og med varmt handtrykk ynskt velkommen til kyrkje i alle desse åra. Ved sida av alt det andre han skulle passa på som kyrkjetenar, hadde han tid til eit varmt handtrykk også etter gudstenesta var slutt.

No er aldersgrensa nådd, og Monrad Ulveseter sluttar som kyrkjetenar i slutten av oktober.

På spørsmål frå oss, svarer han at det egentleg er godt å få trekkja seg tilbake no. Han har nok å gjera både med huset og heime, og i området på Skuggestranda, der dei har budd dei siste åra. Han seier at hvis helsa held, kan det henda det vert nokre møter med forkynning av Guds ord også.

Ulveseter seier også at han gjerne vil takka prestane og medarbeidarane som han har vore i lag med i Arna desse åra for godt samarbeid.

Fra kyrkjelyden vil me takka Monrad Ulveseter varmt for trufast teneste i Arna, og ynskja han mange signerike og gode år enno. Søndag 23. oktober vil soknerådet innby til kyrkjekaffi etter gudstenesta for å markera dette.

L.U.

Fellesmøte i Ytre Arna

Pinsemenigheten i Ytre Arna innbyr til fellesmøte i Betania søndag 30. oktober kl. 19.00. Evangelist Olav Skråmestø talar og syng. Ytre Arna musikklag deltek også med song.

50-års konfirmantar

Søndag 2. oktober inviterte sokneråda til samling for dei som vart konfirmerte i Ytre Arna kyrkje 14. august 1938 og 21. august i Arna kyrkje. Konfirmasjonen var litt tidlegare enn vanleg det året fordi presten Hollekim skulle flytta. Deltakarane samlast først i kyrkja til gudsteneste og deretter var det middag og samtale med minner frå tidlegare tider.



Arna Kyrkje: Fremste rekke frå v.: Anna Ullestad (f. Unneland), Jenny Bysheim (f. Bjørgås), Martha Linnerud (f. Haukeland), Hjørdis Kvilekval (f. Hammersland), Lilly Solberg (f. Stalheim), Ida Brunborg (f. Takvam), Gjertrude Kalsaas (f. Solberg), Gerd Milde (f. Johnsen).

2. rekke frå v.: Magnus Unneland, Olav Eliassen, Johannes Veseth, Arthur Kvamme, Håkon Sæle, Øyvind Øy.

Bak frå v.: Erik Tungeland, Arthur Hope, Asbjørn Unneland, einar Aksdal, Trygve Seim, Ola Dvergsdal.



Ytre Arna Kyrkje: Bak frå v.: Harald Sundsbø, Rolf Rønhovde, Kåre Revheim, Magna Løvås (f. Hansen), Alv Eide, Leon Kalsås, Anne Froestad (f. Lillebergen), Lars Ytre-Arne, Olav Vedå, Birger Ekanger, Norvald Birkeland, Olav Hansen.

Kyrkjelydshuset tek form



3 glade dugnadsarbeidrarar: Frå v.: Olga Smalås, Brynhild Skjelbreid og Jan Marius Olsen.

Arbeidet med kyrkjelydshuset i Arna går sin gang. Framdrifta er omlag slik ein hadde venta, og dugnadsarbeidet har samla vel 20 på det meste. Likevel skulle ein gjerne hatt fleire med. Vil nokon vera med, kan dei ringja kyrkjekontoret tlf. 24 04 00 og oppgi namn og telefonnummer. Då vil leiarane for dugnadsarbeidet kontakta dei tilbake og avtala dag seinare. Det er bruk for alle, fordi oppgåvene vert tilpassa slik at arbeidet høver for dei som kjem.

Ved sida av dugnadsarbeidet er det innsamlingsarbeidet som også må til. Økonomien har ikkje pengar til å fullføra huset, og det er i von til at folket i Arna vil støtta prosjektet ein har teke fatt på byggearbeidet. No er det den store julemessan i Bjørnarhallen ein satsar på saman med loddssal til denne.

Stor julemesse for kyrkjelydshuset

Kyrkjeringane satsar i år stort på julemessan til inntekt for kyrkjelydshuset i Arna. Dei leiger Bjørnarhallen for å få plass til folk og aktivitetar. Det vert mykje god underhaldning med Haukeland Songlag, Unnelandskoret, Indre Arna Skulemusikk og Garnes Skulemusikk. Sokneprest Steinar Ihle, kapellan Ragnar Tesdal og Trude Stendal vert med i programmet.

På programmet står og mange ulike aktivitetar og vi nemner julegåvesalg, kafeteria, kunstauksjon, demonstrasjon, lykkehjul m.m.

Komiteen for messa treng mange gåver til åresal og loddssal. Dei kan leverast på kyrkjekontoret i Borgstova. Julemessan vert i år lørdag den 19. november fra klokka 10.00 til 18.00.

Er du redd for å dø?

Jesus sier: «Jeg er oppstandelsen og livet, den som tror på meg skal leve om han enn dør. Og hver den som lever og tror på meg, skal aldri i evigheten dø. Jo. 11,25-26.

Versene er hentet fra fortellingen om Jesus som vekker opp Lazarus. Jesus viser her at han er Herre over dødens krefter. Jesus er sterkere enn døden. Han har makt til å skape liv døde. Oppvekkingen av Lazarus peker framover mot Jesu egen død og oppstandelse. Han måtte oppleve at døden var i ferd med å skille ham fra Gud. Den grunnvoll som Jesus la i og med sin død og oppstandelse, er en sikker grunnvoll å stå på, å leve på og å dø på. Og den grunnen bryter aldri sammen. Den blir stående om alt annet raser i grus.

Det står i en sang:
*Det som ingen annen maktet
har vår Gud i sønnen gjort.
Lammet som for oss ble slaktet,
åpnet for oss nådens port.*

*Dypt i nådeflodens strømmer,
kilden i fra Golgata.
Hvor ei synden meg fordømmer,
hviler jeg så trygg og glad.*

*Å, så vil jeg helt meg glemme,
i min Jesu frelsesverk.
Synd og sorg for evig glemme,
ledet av hans hånd så sterk.*

Vi har allerede del i det evige livet der som vi lever i troen på Jesus Kristus. Vårt håp er framtid utover dødens terskel. Seieren over døden skjer i dag. Forkaster du Jesus nå, blir døden et nederlag med fortapelsen som utgang. Men lar du Jesus få plass i ditt liv i dag, skal du vinne en overveldende seier.

Sigrun Gjerde Arefjord

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA
Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.
Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Ragnhild Rein, Hilde Rohde, Harald Sundsbø, Laila Ueland.
Forretningsførar: Bjørg Hellesøy.
Bladpenger: Kr. 30,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.
Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856
Trykt av Grafisk Forum A/S, Ytre Arna.

BLOMSTER

til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.

24 25 95


a.s. Sarepta
5260 Indre Arna

I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste

FOKUS Bank

Banken i Arna – for Arnafolk, der alle kundar, store og små, er hjarteleg velkomne.

FOKUS BANK
avd. Arna

Kranser Bårebuketter

Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09

ARTHUR HOPE

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes.
Transport med egen bil.
Annonser, sanger, sløyfer.
Monumenter besørges oppsatt.

Banken i Arna frå 1866

**SPAREBANKEN
VEST**
AVDELING ARNA

– til bygdefolket sitt beste

DU KAN LEIE HENGERE HOS OSS!

Vi har hengere for
Bil – Båt og
varetransport



**ARNATVEIT
AUTO SENTER**

TLF. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen
ved J.B. Myklestad.

Skal det vera TV – Elektrisk – Belysning.
Hugs at vi har lavaste pris,
og det De kjøper her
kan De få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Arnatevit – telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største
kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

Velkommen til kyrkje

Okt. 23.: 22. s. etter pinse. Matt. 11,25-30.

Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. FAMILIEGUDSTENESTE. Hausttakkefest. Arna barnekantori. Takkoffer til Kirkens sosialteneste. Kyrkjekaffi.

Ytre Arna kl. 11.00: FAMILIEGUDSTENESTE v/sokneprest Øy. Ytre Arna barne- og ungdomskor. Takkoffer til Ytre Arna barne- og ungdomskor.

Trengereid kl. 11.00: Kretssekr. Nils Arne Lavik. Nattverd. Takkoffer til Norsk Lærer-akademi.

Laurdag

Okt. 29.: Arna kl. 18.00: Konserth.

Okt. 30.: Bots- og bededag. Jes. 55,6-7.

Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule.

Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til KFUK - KFUM. Kyrkjekaffi.

Laurdag

Nov. 05.: Ytre Arna kl. 18.00: Pilgrimsmesse.

Nov. 06.: Allehelgensdag. Matt. 5,13-16.

Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Barnekantoriet. Sundagsskule.

Arna kl. 19.30: Pilgrimsmesse. Arna og Ytre Arna kyrkekor.

Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Menighetsfakultetet.

Takvam kl. 16.00: Res.kap. Sundsbø.

Nov. 13.: 25. s. etter pinse. Joh. 6,37-40.

Arna kl. 11.00: Innvandrarprest Stig Magne Heitmann. Takkoffer til Kristent innvandrararbeid. Sundagsskule. Kyrkjekaffi.

Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Den norske Sjømannsmisjon.

Nov. 20.: Siste søndag i kyrkjeåret. Hebr. 3,12-14.

Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule.

Trengereid kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd.

Nov. 27.: 1. s. i advent. Matt. 21,1-9.

Arna kl. 11.00: FAMILIEGUDSTENESTE v/sokneprest Øy. 1. KLASSINGANE SPE-SIELT INVITERTE. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.

Arna kl. 19.00: Lysmesse.

Ytre Arna kl. 11.00: FAMILIEGUDSTENESTE v/res.kap. Sundsbø. 1. KLASSINGANE SPE-SIELT INVITERTE. Ytre Arna barne- og ungdomskor. Takkoffer til institutt for Kristen oppsæding.

Des. 04.: 2. s. i advent. Luk. 21,25-33.

Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Foreningen for Bibel- og bekjennelse. Sundagsskule.

Arna kl. 19.00: Julekonserth.

Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Ytre Arna kl. 19.00: JULEKONSERT.

Unneland kl. 16.30: Res.kap. Sundsbø. LYSMESSE.

Takvam kl. 16.30: FAMILIEGUDSTENESTE v/døveprest Asgeir Strøume. Takkoffer til Døves menighet.

Des. 11.: 3. s. i advent. Matt. 11,2-10.

Arna kl. 11.00: Høgskolelektor Ragnar Grøm. Arna kyrkekor. Takkoffer til Kristeleg kringkastingslag. Sundagsskule.

Arna kl. 18.00: BARNEKONSERT. Arna Barnekantori og Ytre Arna barne- og ungdomskor.

Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Norges kristelige Student- og Skoleungdomslag.